

Firda 15.11.1955:

Kapleiken på Aalhus vellukka i alle måtar.

Kapleiken i Borgja, Alhus, laurdag ssmia fullt hus og vel så det, og spe- larane og dansarane sette stemninga liegt under taket frå først til sist.

Det var frisk ungdom frå den yng- ste — 11-åringen — til den eldste, som i all fall var så sprekt at det ik- ke høver å nemne han som den eldste.

Spelemaan etter spelemann kom fram på scene og la i veg med glim- rande felemusikk som reiv publikum med seg, og då dansane kom, hausta dei ikkje mindre fagning.

Vi spør at domarane måtte kle seg godt i nakken for å skilje dei i pre- migrad, og det viser premilista og meddi det mest berre er 1. og 2. premi. For skam skuld måtte domarane finne på å gje eit par 3. premi.

Premilista ser slik ut:

Yngste klasse.

Hardingfele.

E. Kroken, Nordfjord, 2. pr.

Flatfele.

K. Haugen, Nordfjord, 2. pr. 11 år.

Eldste klasse.

Flatfele.

Per Støyva, Breim, 1. pr. Han fekk Dalsfjorden Spelemannslag sin gjevpremi for beste spelar på flatfele.

Peder Raad, Breim, 1. pr.

Hardingfele.

Daniel Brynestad, Dale, 1. pr. og Dalsfjorden Spelemannslag sin gjevpremi til beste spelar på Hardingfele.

Arne A. Rivedal, Holmedal, 1. pr.

Andreas Hjelbrekke, Nordfjord, 1. pr.

Bendik Brynestad, Dale, 2. pr.

Ivar Gronfur, Nordfjord, 2. pr.

Asbjørn Sunde, Naustdal, 3. pr.

Dansen.

Gudveig og Ingolf Iversen, Holme- dal, 1. pr. Sunnfjordspringar.

Alma Sunde og Magnus Hølvik, Dale, 1. pr. Sunnfjordspringar.

Beret Brynestad og Johan Sunde, Dale, 1. pr., Sunnfjordspringar.

Gjertrud og Lars Holmås, Holme- dal, 2. pr. Hordalandsspringar.

Alette og Anders Elde, Holmedal, 2. pr., Hordalandsspringar.

Den eldste deltakaren, Gullak Bjør- vik, Holmedal, dansa Sunnfjordsprin- gar med Gudveig Iversen, og fekk 1. pr.

Det var jamt og godt levert både musikk og spel. Sers jamt må ein seia, og så friakt og korrekt som vel mogeleg. Det var førsteklases mest alt ihop, så ein kunnig spelar og dan- sar som Firda snakka med.

Arrangerane på Alhus hadde skipa sit til på beste måten og avviklinga gjekk svært greitt og fint. Samarbei- det mellom Dalsfj. spel.lag og arr. på Alhus ang. førebuinga måtte vera ved hjelp av telefonen, så det var reint uventa at det heile klaffa så framifrå som det gjorde. Det var litt vanskar med innkvarteringa, men så var det og seine natta før ein leita seg fram til dørene til folk for å koma seg til køya. Men det må seiast at folk på Jølster var sers gjestfrie og imøte- komande.

Domarar var Bergset, Nordfjord, Kornelius Elkenes, Nordfjord, Adolf Paulen og Jonas Asnes, dei to siste frå Sunnfjord.

Då eit par av domarane ville vera med i tevlinga, vart det vald doms- nemnd nr. 2, og mellom desse kom Daniel Brynestad, Kåre Jensen, Peder Raad og Per Støyva.

Av første kull domarar spela Adolf Paulen flatfele og hausta seg 1. pr. og Kornelius Elkenes hardingfele, og greidde vel sin 1. pr. han og.

Den kjende felespelaren Anders Vi- ken var og fram på speltet, men utanom tevlinga, og han reiv i eit par nummer som fekk applausen til å braka laus.

Programmet elles var ein velskre- ven prolog, skreven for dette høvet og forfatta av Harald Mork, og opp- lesen av Jonas Asnes, Kåre Jensen, Dale, song eit par nummer. Det er sjeldan å høyra ei så klår, rein og kraftig stemme. Ein kunne oppfatte kvart einaste ord. Vel sunge Jensen. Fram på speltet kring i S. U.

Kaffi og mat vart servert to gon- ger, så det var just som musikken og

dansen greip om seg jamvel inn i lu- naste krokane i kjøkkendepartemen- tet. Det var rikeleg og god mat.

Så til slutt ein svingum. Det var for det meste gamal dans og Dalsfjor- den Spelemannslag sytte for gamal dansemusikk, så vi kan helse og seia at det var aving og fart i salen. Men først fekk dei som deltok i tevlinga heile dansegolvet åleine til ein feilande springdans. Det var glansnummeret. Ingolf Iversen dansa ein springar sa- man med to damer, alle tre var na- sjonalkledde, og det var stilrein pre- stasjon og vakkert å sjå på.

Publikum synte stor interesse for tevlingane og tilstellinga i det heile og likte seg sers godt, og det var berre ein ting å høyra: No får vi vo- ne at det ikkje vert så lenge før Dalsfjorden Spelemannslag skipar til ein slik kapleik pany.